

Arbeidsrapport nr. 139

Frode Sætre

Etter- og vidareutdanning i kroppsøving

Behov, organisering, innhald og økonomi

Ei kartlegging av personell utdanna ved Lærarutdanninga i
Volda i perioden 1970 – 2000

Forfatter	Frode Sætre
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISBN	82-7661-175-3 (elektronisk versjon) 82-7661-174-5 (trykt versjon)
ISSN	0805-6609
Sats	Frode Sætre
Distribusjon	Verdsveven

Om arbeidsrapportserien:

Arbeidsrapporten byggjer på arbeid som både kan vere av førebels karakter og/eller av høg standard. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål.

Arbeidsrapportane skal vere godkjende av dekanus, gruppeleiar, prosjektleiar (for IAAI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika og forskingskoordinator ved HVO. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfatter.

FORORD

Denne undersøkinga er gjort ut frå eit ynskje om å kartleggje ulike sider ved etter- og vidareutdanningsfeltet i forhold til ynskje og behov hjå studentar som har tatt årseining kroppsoving ved lærarutdanninga i Volda. Undersøkinga er rapport nr. 3 på grunnlag av ei kvantitativ undersøking som vart gjennomført i november 1999.

Frå departementalt hald har det dei siste åra vorte lagt fram utgreiingar, stortingsmelding, og kompetanseutviklingsplanar som set fokus på livslang læring og behovet for etter- og vidareutdanning i eit samfunn i stadig endring. Høgskulen i Volda ved kroppsovingsseksjonen er ein av partane som får utfordringa i forhold til gjennomføring av kompetanseutviklingsplanar for lærargrupper. Ut frå dette føler vi at ei kartlegging av behov, organisering, innhald og økonomiske rammer for etter- og vidareutdanning er nødvendig. Dette kan også vere til hjelp ved planlegging av tiltak innanfor området. Engasjement her er også viktig i ei tid då søknaden til dei ordinære studia innanfor allmenn- og førskulelærarutdanninga har vore på retur. Etter- og vidareutdanningsfeltet kan verte ein stor del av arbeidsåret vårt i framtida.

Vil rette ei spesiell takk til Lars Jørgen Vik for god rettleiing under innspurten av arbeidet.

Volda, april 2003

Frode Sætre

INNHALDSLISTE

I. INNLEIING	5
1.1 BAKGRUNN FOR UNDERSØKINGA	5
1.2 POLITISKE FØRINGAR	5
1.3 KOMPETANSEUTVIKLINGSPLANAR	6
1.4 OPPSUMMERING POLITISKE FØRINGAR OG KOMPETANSEUTVIKLINGSPLANAR	7
1.5 PROBLEMSTILLINGAR KNYTT TIL ETTER- OG VIDAREUTDANNING	7
1.6 DEFINISJONAR KNYTT TIL PROBLEMSTILLINGANE	8
1.7 GANGEN I RAPPORTEN	8
II. METODE	9
2.1 VAL AV METODE	9
2.2 UTFORMING AV SPØRJESKJEMA	9
2.3 POPULASJON OG UTVAL	9
2.4 DATAINNSAMLINGA	9
2.5 UNDERSØKINGA SI PÅLITELIGHEIT	10
III. BAKGRUNNSKUNNSKAP FOR UNDERSØKINGA	11
3.1 DELTAKING I ETTER- OG VIDAREUTDANNINGSKURS INNANFOR DET IDRETTSFAGLEGE OMRÅDET	11
3.2 BEHOV FOR ETTER- OG VIDAREUTDANNINGSKURS MED TANKE PÅ DEN NÆRE FRAMTID	11
3.3 BETYDNINGA AV VARIABLANE ALDER, KJØNN OG DELTAKING FOR Å FORKLARE ULIKSKAPAR I BEHOV	12
IV. RESULTAT OG DISKUSJON	13
4.1 BAKGRUNNSDATA	13
4.2 FORDELING PÅ KJØNN	13
4.3 BEHOV FOR ETTER- OG VIDAREUTDANNING PÅ LENGRE SIKT	14
4.3.1 Behov for etterutdanningskurs på lengre sikt	15
4.3.2 Behov for vidareutdanning på lengre sikt	16
4.4 ORGANISERING AV ETTER- OG VIDAREUTDANNING	16
4.4.1 Studiepoengramme/vekttsramme	17
4.4.2 Kursopplegg	18
4.4.3 Sentralisert eller desentralisert etter- og vidareutdanning	19
4.4.4 Emne som respondentane ynskjer vidareutdanningskurs i	20
4.5 ØKONOMISKE VILKÅR VED ETTER- OG VIDAREUTDANNING	21
V. OPPSUMMERING	24
REFERANSAR	25
<i>OVERSIKT OVER FIGURAR OG TABELLAR</i>	26
VEDLEGG: 1. Spørjeskjema	

I. INNLEIING

1.1 Bakgrunn for undersøkinga

I år 2000 hadde årseininga i kroppsøving ved lærarutdanninga i Volda eksistert i 30 år. I samband med dette vart det gjennomført ei kvantitativ undersøking av eit representativt utval av studentar frå heile 30-års perioden. Målsettinga var å belyse utdanning, yrkesforhold, engasjement i frivillig organisert idrett, deltaking i og behov for etter- og vidareutdanning samt å få fram korleis tidlegare årseiningsstudentar vil at vi skal organisere etter- og vidareutdanninga ved kroppsøvingssesksjonen.

Arbeidsrapport nr. 99 *Kroppsøving. Utdanning, yrkesforhold og frivillig organisert idrett.* (Sætre, 2000) vart lagt fram som fyrste del av denne undersøkinga. Observasjon av eit samfunn i endring og ei kjensle av at færre av studentane på årseininga vart lærarar gjorde at vi i rapporten stilte det grunnleggjande spørsmålet ”kvar vert studentane av ?” I tilknytning til dette vart ei rekkje underproblemstillingar belyst, som t.d.:

Kva for grunngeving har studentane for å byrje? Kva for utdanning har dei før dei byrjar og kva for utdanning tek dei seinare? Kor mange endar opp som lærarar? Kva for yrkeserfaring har dei? Har dei nytta utdanninga innanfor den frivillig organiserte idretten som trenar eller tillitsvald?

Arbeidsrapport nr. 108 *Kroppsøving. Deltaking i og behov for etter- og vidareutdanning.* (Sætre, 2001) vart lagt fram som andre del av undersøkinga. Merksemda vert her, som tittelen seier, retta mot deltaking i, og behov for etter- og vidareutdanning, noko som er svært tidsaktuelt då det frå departementalt hald vert forventa at høgskulane og universiteta engasjerer seg i etter- og vidareutdanningsverksemd. Rapporten fokuserer på kor stor del av respondentane har delteke på etter- og vidareutdanningskurs og korleis dei vurderer sitt behov for etter- og vidareutdanning innanfor det idrettsfaglege området med tanke på den nære framtid. I tillegg til desse problemstillingane ser også rapporten på om det er skilnader når det gjeld kjønn, alder og tidlegare deltaking når det gjeld behov for meir etter- og vidareutdanning.

Denne rapporten er den tredje og siste som byggjer på data frå den nemnde undersøkinga. Rapporten er ei vidareføring av arbeidsrapport nr. 108, men i denne undersøkinga vert merksemda retta mot behov for etter- og vidareutdanning på lengre sikt, organisering av, og innhaldet i etter- og vidareutdanningstilbodet ved kroppsøvingssesksjonen, samt økonomiske vilkår arbeidsstaden gir m.o.t. etter- og vidareutdanning. I ei tid der marknadstilpassing er eit mykje brukt ord innanfor høgare utdanning, vil brukargruppa/respondentane sine ynskjer vere ein viktig peikepinn på korleis vi skal organisere EV-verksemda ved kroppsøvingssesksjonen. Brukargruppa er også dei som føler på kroppen kva slags område dei treng å styrkje kompetansen sin på.

1.2 Politiske føringar

Vi skal sjå på nokre offentlege dokument som har vore viktige når det gjeld etter- og vidareutdanning på 90-talet. Vi vil her også prøve å få fram kva dei seier om høgskulane og universiteta si rolle i etter- og vidareutdanningsarbeid.

NOU 1997:25 seier at kunnskap og kompetanse er viktige grunnlag både for næringsutvikling, auka sysselsetting, verdiskaping, vidareutvikling av velferdsstaten og aktiv

demokratisk deltaking. Vidare er utdanning og kompetanse viktig for fordeling av inntekt, for likestilling og for innverknad i samfunnet (Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet, 1997). Det er med andre ord mange grunnar i tillegg til auka konkurransekraft i næringslivet og ein meir effektiv offentleg sektor som grunngir ei sterk satsing på etter- og vidareutdanning.

På 90-talet har det vore ei rekkje reformer i det offentlege skulesystemet. NOU 1997:25 peikar på at reformene i grunnskulen, vidaregåande opplæring og høgare utdanning byggjer på kvarandre og at ei samla målsetting med reformene er at utdanning på alle nivå skal legge grunnlaget for eit framtidig system for livslang læring (KUF, 1997). Gjennom reformene har nye emne og arbeidsmåtar kome inn i rammeplanar og fagplanar, noko som skaper behov for etter- og vidareutdanning.

Om universitet og høgskular si rolle når det gjeld etter- og vidareutdanning, seier NOU 1997:25 at KUF har lagt vekt på at etter- og vidareutdanning skal gjennomførast i institusjonens regi. Departementet har også ynskje om å auke andelen etter- og vidareutdanning ved universiteta og høgskulane (KUF, 1997).

NOU 1997:25 la grunnlaget for Stortingsmelding nr. 42 (1997-98) (kompetansereformen). Målet for denne meldinga var å skape grunnlag for ein nasjonal handlingsplan for etter- og vidareutdanning og vaksenopplæring. Det vert her vektlagt at målet må vere å tilpasse det høgare utdanningssystemet slik at det organisasjonsmessig og med større fleksibilitet kan ta del som aktiv tilbydar i kompetansemarknaden (KUF, 1998).

I tillegg til det som er nemnt over, gir *Lov om Universiteter og Høgskoler* (universitetsloven) (1997) sterke føringar i forhold til engasjement i etterutdanning. I §2 vert det presisert at institusjonane har ansvar for å gi eller organisere tilbod om etterutdanning på sine fagområde.

1.3 Kompetanseutviklingsplanar

I tillegg til dei politiske føringane har ein dei siste åra fått fleire planar for kompetanseutvikling, noko som også viser at etter- og vidareutdanning er eit prioritert område og at høgskular og universitet har eit spesielt ansvar.

Planen *Kompetanseutvikling knytt til innføring av den nye læreplanen for grunnskulen* er ein plan for perioden 01.01.96 – 31.12.99. Planen legg sterke føringar for universitet og høgskular sine oppgåver når det gjeld etterutdanning for personalet i grunnskulen. ”Det strategiske triangel for samarbeid om regionale tiltak for kompetanseutvikling” (KUF, 1996:11) gjer her greie for at universiteta og høgskulane har eit spesielt ansvar for kompetanseutvikling innanfor sin region i samarbeid med kommunane, utdanningskontora og KUF. Planen seier også at departementet skal stimulere høgskular og universitet til å engasjere seg i etterutdanning for personalet i grunnskulen (KUF, 1996).

KUF har også utvikla planar for etterutdanning knytt til dei ulike faga i grunnskulen, og i 1998 fekk vi *Plan for etterutdanning i kroppsøving*. Dette er ein spesifikk og konkret plan som med utgangspunkt i L-97 har laga grunnmodular for dei ulike skulestega og gjer greie for kursinnhald, mål, emneoversikt og aktivitetar (KUF, 1998). I samband med denne planen hadde kroppsøvingssesksjonar innanfor lærarutdanninga eit spesielt ansvar for gjennomføring av kursa.

Den siste av planane som no skal gjennomførast innanfor fagfeltet kroppsøving, er *Kompetanseutvikling i grunnskolen fra 2000 : Kroppsøving*. Når det gjeld mål for etter- og vidareutdanning, seier planen: ”Planen for kompetanseutvikling i kroppsøving skal:

- bidra til å sikre et fleksibelt etter- og vidareutdanningstilbud som kan nå et bredt spekter av lærergrupper og være relevant i forhold til de kravene læreplanverket stiller til opplæringen i kroppsøving og fysisk aktivitet generelt i skolen” (KUF, 2000:3).

Om kompetansen i faget seier planen: ”Mange lærere har i sin lærerutdanning liten eller ingen utdanning i kroppsøving, og mange vil ha behov for en oppdatering av denne utdanningen” (KUF, 2000:4).

Vedrørende oversikt over tiltak vert universitet og høgskular si rolle presisert: ”Skoleeier bør samarbeide med universitet eller høgskole som gir lærerutdanning, for at det kan bli best mulig samsvar mellom kompetanseplaner og behov i skolene og det universitet og høgskoler tilbyr av kurs.” ”Vidareutdanning tilbys av universitet og høgskole enten som kurs eller som kombinasjon av fjernundervisning, veiledning og kurs.” ”Universitet og høgskoler bør i samarbeid utvikle rutiner for å legge til rette etter- og vidareutdanning for den enkelte lærer ut fra hans/hennes realkompetanse” (KUF, 2000:5).

1.4 Oppsummering politiske føringar og kompetanseutviklingsplanar

Dei politiske føringane/offentlege dokumenta viser at kompetanseutvikling gjennom etter- og vidareutdanning er eit viktig og prioritert område innanfor det norske samfunn. Kunnskap er ikkje noko ein tileignar seg ein gong for alle — livslang læring har vorte det nye slagordet (jf. KUF, 1997). Reformene i skuleverket på 90- talet har som mål å legge til rette for livslang læring, og universiteta og høgskulane har ei sentral rolle når det gjeld etter- og vidareutdanning.

Kompetanseutviklingsplanane viser også at etter- og vidareutdanning er eit prioritert område, og at universiteta og høgskulane skal vere sentrale aktørar i etter- og vidareutdanningsmarknaden. Planane for etter- og vidareutdanning i kroppsøving er konkrete, og dei er spesifikt knytt til reformene i skuleverket på 90-talet. Den siste omtalte planen viser til at mange lærarar har lite eller inga utdanning i kroppsøving, og at det er eit stort behov for oppdatering av kunnskap.

1.5 Problemstillingar knytt til etter- og vidareutdanning

Det som er presentert over, legg også sterke føringar på kroppsøvingssesksjonen ved HVO til å engasjere seg i etter- og vidareutdanning. Engasjement her er også viktig i ei tid då søknaden til dei ordinære studia innanfor allmenn- og førskulelærerutdanninga har vore på retur. Etter- og vidareutdanningsfeltet kan difor verte ein stor del av arbeidsåret vårt i framtida.

Formålet med denne undersøkinga er, som tidlegare nemnt, å få ei oversikt over korleis kroppsøvingsutdanna personell frå lærarutdanninga i Volda stiller seg til desse sidene ved etter- og vidareutdanningsfeltet: Behov på lengre sikt, ynskjer om organisering, ynskjer m.o.t. innhald, samt å skaffe oss oversikt over økonomiske vilkår gitt av arbeidsgivar. Problemfeltet kan avgrensast med fylgjande spørsmål:

1. Kva karakteriserer respondentane sine behov m.o.t. etter- og vidareutdanning på lengre sikt ?
2. Kva karakteriserer respondentane sine behov m.o.t. korte- og/eller lengre kompetansegivande kurs innanfor det idrettsfaglege kompetanseområdet ?
3. Kva for vektalsramme (studiepoengramme) ynskjer respondentane ?
4. Korleis ynskjer respondentane at kursopplegget skal organiserast (dagtid, kveld, helg eller feriar) ?
5. Ynskjer respondentane sentralisert eller desentralisert organisering ?
6. Kva for idrettsfaglege emneområde vil respondentane ha kompetansegivande kurs i ?
7. Korleis vurderer respondentane dei økonomiske moglegheitene som arbeidsstaden gir m.o.t. å ta etter- og vidareutdanning ?

Av det omfangsrrike problemfeltet vert rapporten deskriptiv og brei då vi fyrst og fremst har behov for å skaffe oss ei oversikt over problemfeltet.

1.6 Definisjonar knytt til problemstillingane

Det er i denne rapporten behov for å definere omgrepa korte- og lengre kompetansegivande kurs, som vert brukt i problemstilling nr. 2.

Korte kurs er her oppdatering av idrettsfagleg kunnskap utan eksamen – det ein med andre ord kallar etterutdanning.

Lengre kompetansegivande kurs krev eksamen og gir vektal/studiepoeng – det ein med andre ord kallar vidareutdanning.

I NOU 1997: 25 finn ein følgjande definisjonar:

Etterutdanning:

”Etterutdanning er kortere kurs i avgrensede emner. De er i utgangspunktet ikke eksamensrettede og formelt kompetansegivende” (KUF, 1997 : 102).

Vidareutdanning:

”På universitets- og høgskolenivå omfatter videreutdanning de eksamensrettede og formelt kompetansegivende studietilbudene som stort sett bygger på og forutsetter en avsluttet høyere utdanning” (KUF, 1997 : 102).

Enkelt sagt er etterutdanning korte kurs ein ikkje får vektal for, medan vidareutdanning er lengre kurs som byggjer på høgare utdanning og som ein får vektal/studiepoeng for.

Vidare i rapporten vert omgrepa etterutdanning brukt om korte kurs (oppdatering av idrettsfagleg kunnskap) og vidareutdanning brukt om lengre kompetansegivande kurs.

1.7 Gangen i rapporten

Det vert no presentert ein metodedel som gjer greie for korleis ein har gått fram for å svare på problemstillingane. I denne delen vert det også gjort metodiske vurderingar. Vidare vert det presentert viktige funn frå arbeidsrapport nr. 108 (Sætre, 2001) som bakgrunnskunnskap for undersøkinga. Deretter kjem ein kombinert resultat- og drøftingsdel der resultata vert presentert og drøfta undervegs. Til slutt kjem ei avrunding der viktige funn vert trekt fram.

II. METODE

2.1 Val av metode

Grunngiving for undersøkinga og problemstillingar er omtalt tidlegare. Ut frå denne skulle ei kvantitativ undersøking (survey-metoden), der ein nyttar statistisk analysemetode og deskriptiv statistikk, vere det mest formålstenlege. Då det er ynskjeleg å styrke undersøkinga sin representativitet ved å trekke inn eit større tal uteksaminerte studentar for heile perioden 1970 – 2000, var det av omsyn til databehandlinga mest praktisk å nytte eit spørjeskjema med faste svaralternativ.

2.2 Utforming av spørjeskjema

Spørjeskjemaet (vedlegg nr.1) er utforma på grunnlag av ei problemliste som kom fram etter ein gjennomgang av kva for spørsmål som kunne ha særleg relevans for å beskrive problemfeltet. Ei viktig oppgåve i denne samanheng var å kome ut med eit spørjeskjema som kunne vere eigna som måleinstrument i relasjon til respondentane si oppleving av dei nemnde faktorane. Dette problemet kan eigentleg berre avgjerast ved skjønn. Norges Idrettshøgskole (NIH) si undersøking ”Idrettsutdanning og yrkesforhold” (Kjørmo og Knudsen, 1989) har vore til god hjelp i denne samanheng.

Det vart utforma fleire utkast til spørjeskjema. Desse vart gjennomdrøfta og utprøvde med ei mindre gruppe studentar og kollegaer ved kroppsøvingssesjonen (pilotundersøking).

2.3 Populasjon og utval

Populasjonen er alle som har vorte uteksaminerte frå årseining kroppsøving i perioden 1970 - 2000, og som til saman utgjer 980.

For å sikre eit representativt utval vart populasjonen delt inn i årskull (strata), og deretter vart det lagt opp til eit tilfeldig systematisk utval frå populasjonen. Det vart tatt utgangspunkt i eksamenslistene for kvart årskull, og dels kvar tredje, dels kvar fjerde eining vart trekte ut. Startpunktet på lista for trekkinga i kvart kull vart valt ved eit tilfeldig tal mellom 1 og 5.

Talet på studentar i gjennomsnitt pr. årskull er 32,7 for heile 30-års perioden. Utvalet er på ca. 10 studentar pr. årskull, dvs. 288 einingar av ein populasjon på 980 einingar. Utvalet er såleis på 29,4% av den totale populasjonen.

Talet frå kvart årskull som vart trekt ut, varierte noko. Årsaka til det var at storleiken på opptaket av studentar har variert. Utvalsbrøken vart såleis noko forskjellig for dei ulike studentkulla. Dette tilseier likevel ikkje at utvalet er prega av skeivskap som rokkar ved føresetnadane for den statistiske analysen, då utvalet står i forhold til tal studentar pr. kull.

Kjønnsfordelinga i utvalet er tilnærma lik den vi finn i populasjonen, dvs. ca. 60% av forsøkspersonane er menn og 40% kvinner.

2.4 Datainnsamlinga

Spørjeskjemaet vart sendt ut til respondentane i slutten av november 1999. Det vart lagt ved eit fylgjeskriv der formålet var å gjere forsøkspersonane kjende med undersøkinga og å motivere til medverknad. På grunnlag av adresseopplysningar henta inn frå Det Sentrale Personregister (DSP) sin database ved Statens Datasentral (SDS), vart spørjeskjemaet sendt ut til 288 einingar. Av desse returnerte 246 sine skjema i tilfredsstillande utfylt stand. Dette

utgjer ein reell svarprosent på 85,4%. Av populasjonen (980 einingar) utgjer dette 25,1%. Det vart gjennomført ei purring for å sikre best mogleg svarprosent.

2.5 Undersøkinga si pålitelighet

Når ein skal vurdere påliteligheta til resultatata i undersøkinga, er det aktuelt å rette merksemda mot spørjeskjemaet si form og mot behandlinga av det innsamla materialet. Reliabiliteten vert her viktig då denne refererer til målinga sin stabilitet og nøyaktigheit.

Spørsmålet om stabilitet er knytt til både forskar- og respondentåtferd og er i stor grad personavhengig. I denne samanheng vart det lagt vekt på å redusere sannsynlegheita for at ein omtest av same utval respondentar kunne medføre endring i måleresultat. Her vart det særleg lagt vekt på å utforme spørsmåla slik at det ikkje kunne skapast grunnlag for mistydingar eller alternative tolkingar alt etter humør og motivasjon. Ein kan likevel ikkje sjå heilt vekk ifrå at det kan finne stad ein viss variasjon i resultatata over tid på grunn av reelle endringar i erfaringsgrunnlag og haldningar hjå respondentane.

Ein kan stille seg kritisk til at svara frå den enkelte respondent kan vere meir eller mindre prega av den aktuelle sinnstilstand, men vil her ikkje framheve dette som ei svakheit ved målinga. Med det undersøkingsopplegget som her er valt, er det ikkje svara til den enkelte respondent som har primær interesse, men tendensen i det samla materialet. Under vurderingar rundt stabilitet i målingane er det også aktuelt å vurdere spørjeskjemaet si utforming. Her vart det fyrst og fremst fokusert på mulige tvitydige spørsmål i samband med pilotundersøkinga.

Det vart lagt stor vekt på å vere nøyaktig ved koding og innlegging av data. Det vart laga fleire variantar av kodebøker før det vart funne ei som dekte behova. Enkelte skjema vart valt ut til kontrollkoding. Vidare var det hensiktsmessig å fylgje opp med kontroll av datamatriksen slik at ev. variabelverdiar kunne rettast opp før den vidare EDB-handsaminga.

Av validitetsproblem knytt til bruk av andre undersøkingar som ein samanliknar resultatata med i drøftingsdelen, bør det trekkjast fram alder på undersøkingane, ulikskap i metodar, ulikskap i utval, resultat vert tatt ut av ein samanheng, og ikkje minst forskar og lesar si tolking av presenterte data. Eit metodisk problem i denne samanheng er at det er gjort få nyare undersøkingar på etter- og vidareutdanningsfeltet innanfor kroppsøvingsfaget. Dette problemet vert løyst ved å trekkje inn undersøkingar om etter- og vidareutdanning i skuleverket og arbeidslivet elles av meir generell karakter. Dette vert fyrst og fremst gjort i delen som omhandlar økonomiske vilkår for etter- og vidareutdanning.

III. BAKGRUNNSKUNNSKAP FOR UNDERSØKINGA

I innleiinga vart det sagt at denne rapporten er ei vidareføring av arbeidsrapport nr. 108 ”Kroppsøving. Deltaking i og behov for etter- og vidareutdanning” (Sætre, 2001).

For at lesarar lettare skal få ein samanheng mellom dei to rapportane, tek eg her med viktige funn frå den nemnde rapporten.

3.1 Deltaking i etter- og vidareutdanningskurs innanfor det idrettsfaglege området

Undersøkinga viser at ca. 1/5 (23,2%) av respondentane har delteke, medan ca. 4/5 (76,8%) ikkje har delteke på etter- og vidareutdanningskurs (samla) innanfor det idrettsfaglege området dei siste to åra.

Kjønsskilnadene i undersøkinga er forholdsvis små (divergens 12,5% i mannleg favør).

Aldersgruppa 31 – 41 år er dei som har vore mest deltakande i etter- og vidareutdanningskurs (45,6%).

3.2 Behov for etter- og vidareutdanningskurs med tanke på den nære framtid

Styrken på behov for etter- og vidareutdanning vart målt på ein behovsskåreskala frå 2 – 10 (2=svært lite behov, 10=svært stort behov) og eit mindretal (3,2 %) oppgir verdiskåra 9 og 10 når det gjeld behov for etter og vidareutdanning samla. På verdiskåra 7 – 10 finn vi i underkant av 1/3 (30,2%) av respondentane. Ei stor gruppe respondentar ligg på verdiskåra 6-10 (46,4%). Desse er truleg den gruppa som kan påverkast i retning av å ta del på etter- og vidareutdanningskurs.

Resultatet vedrørande totalt behov (kvinner/menn) for etterutdanning på det idrettsfaglege området viser at få (7,7%) av respondentane har svært stort behov, og 1/3 (33,1%) av respondentane har stort/svært stort behov. Skilnadene på menn og kvinner er små når det gjeld etterutdanningsbehov. Over 1/3 (35,9%) oppgir svært lite og lite behov for etterutdanning.

Undersøkinga viser liknande tendens frå vidareutdanningsfeltet, men det er færre av respondentane som har svært stort og stort behov her (20,1%) enn på etterutdanningsfeltet. Over halvparten av respondentane (53,8%) har lite/svært lite behov for vidareutdanning.

Kjønsskilnadene er større når det gjeld vidareutdanning enn etterutdanning, men ikkje så store at dei bør vektleggjast (største divergens er på 11,2%).

Av moglege årsaker til lav andel som oppgir stort/svært stort behov for etterutdanning, kan ein trekkje fram at mange av lærarane berre har ein liten del av stillinga si innanfor kroppsøvingsfaget, noko som kan føre til at dei prioriterer andre ”viktigare” fag med tanke på å investere ressursar i etterutdanning. Behovet kan då verte større knytt til andre fag enn kroppsøvingsfaget. Når det gjeld lavt behov for vidareutdanning, er grunnlaget svakt for å trekkje nokon konklusjon, men då respondentane allereie har 20 vektta kroppsøving, meiner nok mange at dette er nok for å undervise i grunnskulen. Samanlikna med etterutdanning kan stort omfang, meir forpliktande, større reiseverksemd og redusert inntekt vere spesielle årsaker for lågt behov for vidareutdanning.

3.3 Betydninga av variablane alder, kjønn og deltaking for å forklare ulikskapar i behov for etter- og vidareutdanning innanfor det idrettsfaglege området

Deltaking på etter- og vidareutdanningskurs predikerer behov for meir etter- og vidareutdanning innanfor det idrettsfaglege området ($F = 19,78$, $p = ,000$, $Beta = ,31$). Dei som har delteke på etter- og vidareutdanningskurs innanfor det idrettsfaglege området dei siste to åra, har signifikant større behov for etter- og vidareutdanning enn dei som ikkje har delteke på slike kurs.

Moglege årsaker til dette kan vere at deltaking på etter- og vidareutdanningskurs kan gi ei erkjenning av at ein faktisk kan for lite, noko som gir behov for meir etter- og vidareutdanning. Det kan også vere at ein gjennom deltaking oppdagar at kompetanseheving kjem til nytte i jobben – ein lukkast betre fagleg og/eller pedagogisk, får betre tilbakemeldingar frå elevar, foreldre og kollegaer og får større fagleg sikkerheit – noko som igjen kan føre til at ein vert meir tilfreds med seg sjølv. Dette skaper igjen behov for meir etter- og vidareutdanning.

IV. RESULTAT OG DISKUSJON


4.1 Bakgrunnsdata

Nokre av dei opplysningane som kom fram i undersøkinga, kan karakteriserast som beskrivande. Dette handlar om person- og miljøbestemte bakgrunnsdata som kjønn, bustadfylke og nokre av spørsmåla elles i denne undersøkinga. Dei bakgrunnsdata som her vert lagt fram, vil ha verdi i seg sjølv som ”yrkes- og utdanningssosiologiske fakta”.

4.2 Fordeling på kjønn

Fordeling på kjønn vert relativt hyppig brukt som bakgrunnsvariabel når ein er interessert i å vite korleis materialet vedrørande utdannings- og yrkesmessige forhold er knytt til kvinnelege og mannlege respondentar

I fig. 1 ser vi svarprosent fordelt på kvinner og menn.



N=246


Fig. 1. Svarprosent fordelt på kjønn

Som tidlegare påpeikt (metodedel), er det godt samsvar mellom kjønnssamansetjinga i utvalet og i populasjonen. Av 246 respondentar er 97 kvinner (39%) og 149 menn (61%).

Vidare i rapporten vil det verte presentert resultat som går på respondentane sine behov for etter- og vidareutdanning på lengre sikt, organisering av og innhaldet i etter- og vidareutdanningstilbodet ved kroppsøvingssesksjonen, samt økonomiske vilkår arbeidsstaden gir m.o.t. etter- og vidareutdanning.

4.3 Behov for etter- og vidareutdanning på lengre sikt

Vi såg under punkt 3.2 at i arbeidsrapport nr. 108 vart styrken på behov for etter- og vidareutdanning, med tanke på den nære framtid, målt på ein behovsskåreskala frå 2 – 10 (2=svært lite behov, 10=svært stort behov). Vi såg her at ei stor gruppe respondentar låg på verdiskåra 6-10 (46,4%) og peikte på at desse er truleg den gruppa som kan påverkast i retning av å ta del på etter- og vidareutdanningskurs. Det vil vidare vere interessant å sjå på behov for etter- og vidareutdanning på lengre sikt. Dette kjem fram av figur 2.



N=230

Fig. 2. Behov for etter- og vidareutdanning på lengre sikt

Det kan tolkast som oppsiktsvekkande og positivt at heile 63,5% (146) av respondentane kan tenkje seg etter-/vidareutdanning på lengre sikt når ein samanliknar med tala presentert under ingressen. Det er tydeleg at ei stor gruppe føler at dei bør oppdatere kunnskapen sin på det idrettsfaglege området. Men det kan også tolkast i retning av at det kan vere lettare å uttale seg positivt om noko som skal skje langt fram i tid – det er mindre forplikande.

Når det gjeld spørsmålet om kva som skaper eit behov for etter- og vidareutdanning, så vart ikkje dette spørsmålet stilt i spørjeskjemaet. Her må eg vise til andre undersøkingar.

I ei undersøking frå Markeds- og mediainstituttet (MMI, 1996) der dei ser på etter- og vidareutdanning hjå eit landsrepresentativt utval av arbeidstakarar, kjem det klart fram at arbeidstakar sin motivasjon for å ta etter- og vidareutdanning i stor grad er knytt til forventningar om at kompetanseheving skal kome til nytte i den jobben dei har. Vidare meiner her 58% av respondentane at dei gjennom organisert opplæring vil få større fagleg sikkerheit i jobben, 17% hadde eit ynske om å verte meir tilfreds med seg sjølv.

I undersøkinga til Sætre (Sætre, 2001) ser ein at deltaking i etter- og vidareutdanning fører til behov for meir etter- og vidareutdanning. Gjennom deltaking oppdagar ein at kompetanseheving kjem til nytte i jobben – ein lukkast betre fagleg og/eller pedagogisk, får betre tilbakemelding frå elevar og/eller foreldre og får større fagleg sikkerheit – noko som

fører til at ein vert meir tilfreds med seg sjølv. Dette skaper igjen eit behov for meir etter- og vidareutdanning.


I MMI-undersøkinga (1996) oppgir 12% høgare løn og 14% auka moglegheiter for opprykk og avansement som grunn for deltaking i etter- og vidareutdanning.

Når det gjeld lærargruppa, vil kanskje nokre fleire velje vidareutdanning ut frå lønsmessige vurderingar, for her er løn knytt til vektal som gir ny grad. Dette finn ein ikkje så klart igjen i det private næringsliv. ”Vi vet at vidareutdanning (for eksempel et ekstra grunnfag) er vanlig blant lærere for å få lønnsopprykk” (Jordafald og Nergaard, 1999 : 14).

Ei undersøking blant deltakarane på Sommarskiutdanninga i Stryn som kroppøvingssesksjonen ved Høgskulen i Volda har fagleg ansvar for, viste at 70,9% av respondentane tok denne vidareutdanninga på grunnlag av interesse. 18,6% hadde vektala som motiv (Brimi og Ottesen, 1998). Dette er eit desentralisert 10-vektals vidareutdanningstilbod. Ved stor interesse så er altså motivasjonen og behovet der. At berre ein liten del (18,6%) har vektal som motiv, er interessant då det før undersøkinga var ei allmenn oppfatning at mange av lærarane som tok utdanninga var ute etter ”lette” vektal. I denne samanheng er det nærliggjande å tenkje at ved fleire desentraliserte vidareutdanningstilbod så kunne ein få fleire og spesielt interesserte studentar. Ein kan ikkje generalisere ut frå denne undersøkinga, då dette er eit studietilbod som er ulikt mange andre ordinære 10-vektalseiningar, men det hadde vore interessant å granske vidare på om behov for vektal er underordna interesse når det gjeld motivasjon/behov for vidareutdanning.

4.3.1 Behov for etterutdanningskurs på lengre sikt

I figur 3 ser vi på respondentane sitt behov for oppdatering av idrettsfagleg kunnskap.



N= 143

Fig. 3 Behov for etterutdanningskurs på lengre sikt

Eit overveldande stort fleirtal på 95,8% (137) av respondentane føler behov for etterutdanningskurs. Det var forventa at mange hadde eit behov for etterutdanningskurs, då vi under punkt 3.1.1 såg at 4/5 eller 76,8% av respondentane ikkje hadde deltatt i etter- og vidareutdanningskurs (samla). At så mange som 96% hadde behov for etterutdanningskurs på lengre sikt, var ikkje forventa. Dette også utifrå at vi under punkt 3.1.2 såg at berre 33,1% av


respondentane hadde stort/svært stort behov for etterutdanning når vi målte styrken på behovet med tanke på den nære framtid.

Når ein veit at 2/3 av respondentane tok kroppsøvingsutdanninga si på 70- og 80 talet, så er det naturleg at mange føler behov for nye impulsar/oppdatering av idrettsfagleg kunnskap.

Men som eg sa under punkt. 4.1: det er lettare å uttale seg positivt om noko som skal skje langt fram i tid – det er uforpliktande.

4.3.2 Behov for vidareutdanning på lengre sikt

Vi skal vidare sette fokus på behovet for vidareutdanning på lengre sikt innanfor det idrettsfaglege kompetanseområdet. Dette ser vi av figur 4.



N=106

Fig. 4 Behov for vidareutdanningskurs på lengre sikt

Av figuren ser vi at 51,9% (55) av respondentane har behov for vidareutdanning medan 48,1% (51) ikkje har behov. Samanliknar vi dette med etterutdanning (figur 3), så ser vi at behovet for vidareutdanning er ein heil del lågare enn når det gjeld etterutdanning (divergens 43.9%).

Men vi skal her legge merke til at talet på respondentar som har svart på spørsmålet om vidareutdanning, er noko lågare (N=106) enn svarandelen i forhold til etterutdanning (N=137). Samanlikninga kan då verte noko skeiv.

Som tidlegare kommentert, ser eg det som naturleg at interessa for etterutdanning er størst.

Vidareutdanningskurs er av større omfang og er meir forpliktande enn etterutdanningskurs (jf. definisjon). Vidareutdanningskurs kan også (spesielt i distrikta) innebere meir reising over tid, då dei fleste vidareutdanningskurs er plasserte til høgskular og universitet. Ved vidareutdanningskurs på 10-20 vekttalsnivå må deltakarane ofte gå i redusert jobb eller ha permisjon, noko som fører til redusert eller manglande inntekt.


4.4 Organisering av etter- og vidareutdanning

Det vil vidare vere interessant å sjå på korleis dei som føler behov for etter-/vidareutdanning på lang sikt, vil at vi skal organisere kursaktiviteten ved kroppsøvingsseksjonen. Vi skal no studere respondentane sine ynskjer når det gjeld studiepoengramme/vekttsramme, kursopplegg, sentralisering – desentralisering og emne dei ynskjer vidareutdanning i.

4.4.1 Studiepoengramme/vekttsramme

Studiepoengramme handlar om kor omfattande vidareutdanningskurs respondentane vil ha. Dette spørsmålet er knytt til dei som ynskjer vidareutdanning på lengre sikt. I spørsmålstillinga vart nemninga vekttsal nytta. Det vart opplyst at 1 vekttsal = 20 undervisningstimar.¹

I figur 5 ser vi studiepoeng-/vekttsalramma som respondentane ynskjer ved vidareutdanning – lengre kompetansegivande kurs.



N=127

Fig. 5 Studiepoeng-/vekttsalramme som respondentane ynskjer ved vidareutdanning


Ein ser at heile 47 (37,0%) av respondentane ynskjer 27 – 30 stp.(studiepoeng)/9-10 vekttsal. Ei forklaring på dette kan vere at dette er lærarar i skuleverket som manglar 30 stp./10 vt. på eit opprykk til adjunkt eller adjunkt med opprykk.

Vi kan også legge merke til at 36 (28,3%) av respondentane er i den andre enden av skalaen – 3-6 stp./1-2 vt. Dette er truleg respondentar som ynskjer vidareutdanning av mindre omfang, men som vil ha studiepoengsutteljing for vidareutdanninga dei tek. Dei kan då vidare bygge ut vidareutdanninga dei tek til ein større studiekomponent innanfor faget/emnet. Dette kan også gjelde dei respondentane som ligg i mellomsjiktet 9 – 18 stp. Men det kan også vere at nokre av dei 17 (13,4%) som ynskjer 15 – 18 stp./5-6 vt., manglar dette med omsyn til eit kompetansemessig eller lønsmessig opprykk. Vi såg av Fafo- rapporten til Jordfald og Nergaard (1999) at vidareutdanning er vanleg blant lærarar som strategi for lønsmessig opprykk.

¹ Eg brukar i figurane knytt til denne undersøkinga både nemninga studiepoeng og vekttsal då dei fleste av oss enno har dei sterkaste assosiasjonane knytt til vekttsal. Nemninga "studiepoeng" vart gjort gjeldande ved HVO frå hausten 2002. Eg har overført resultatane/verdiene til studiepoeng ved å gange talet på vekttsal som kjem fram i resultatane med 3, då 1 vekttsal = 3 studiepoeng.

4.4.2 Kursopplegg

Eit spørsmål som vidare vil vere interessant å prøve og få svar på er kva slags kursopplegg respondentane ynskjer seg når dei vil ta etter- og/eller vidareutdanning. Dette kjem fram i figur 6.



N=131

Fig. 6 Kursopplegg ved idrettsfagleg etter- og/eller vidareutdanning

Ser ein på kvar enkelt søyle i diagrammet isolert, så er det ikkje uventa at flest respondentar (31/23,7%) vil ha etter- og/eller vidareutdanning på dagtid, men tala viser at uventa mange av respondentane som har svart på dette spørsmålet, kan tenkje seg å nytte fritida si til etter- og vidareutdanning. Av figuren ser vi at 30 respondentar (22,9%) kan tenkje seg å nytte feriar, 23 (17,5%) kan tenkje seg helgekurs og 13 (9,9%) kan tenkje seg å kombinere feriar og helgekurs. Totalt er det då 69 (52,7%) respondentar som kan tenkje seg å nytte feriar og/eller helgar til etter- og/eller vidareutdanning. Dette er uventa i ei tid der fritid er svært viktig for dei fleste. (Berre 31 (23,7%) av respondentane vil helst ha eit EV-tilbod på dagtid)


Det kan sjå ut som om kveldskurs innanfor det idrettsfaglege området er lite interessant. Berre 11 (8,4%) av respondentane kan tenkje seg å nytte kveldar til EV-tilbod.

Det kan sjå ut som eit noko overraskande funn at berre ein respondent vil ha nettbasert idrettsfagleg EV-utdanning. Men svaralternativa 5. 6. og 7 kom fram under kategorien andre opplegg i spørjeskjemaet. Det var ikkje laga eigen svarrubrikk i spørjeskjemaet som heitte nettbasert undervisning. Dette er ei klar feilkjelde m.o.t. å vektleggje den lave andelen som ynskjer nettbasert idrettsfagleg EV-utdanning. Respondentane kan då ha gløymt denne moglegheita.

Men det er klart at i alle høve den praktiske sida av idrettsfagleg EV-utdanning er lite eigna til nettbasert undervisning.

4.4.3 Sentralisert eller desentralisert etter- og vidareutdanning

Repondentane vart her spurt om kva som var best for dei; ei sentralisert EV-organisering ved HVO eller ei desentralisert organisering. Dette kjem fram i figur 7.



N=140

Fig. 7. Sentralisert ved HVO, eller desentralisert etter- og vidareutdanning


Av respondentane som har svart på dette spørsmålet, synest 59,3% (83) at ei desentralisert organisering er best. Dette er naturleg då dei reduserer reisetida, slepp å ha redusert jobb eller permisjon og hindrar dermed tap av inntekt.

Det er overraskande at heile 40,7% (57) av respondentane vil ha sentralisert idrettsfagleg etter- og vidareutdanning. Tendensen innanfor lærarutdanninga i Norge har dei seinare åra vore at ein i større og større grad har desentralisert lærarutdanninga. Ei mogleg forklaring på at ein så stor del vil til Volda, kan vere at dei ofte har lite kroppsøvningsutstyr ute i regionane difor trur at kvaliteten på eit kurs vil verte betre om ein har ei sentralisert organisering.

Det er også nærliggande å tru at respondentar som ynskjer sentralisert etter- og vidareutdanning, er komne i ei livsfase (store born) der det å kome til Volda for å få nye impulsar og inspirasjon vert sett på som positiv variasjon i kvardagen.

4.4.4 Emne som respondentane ynskjer vidareutdanningskurs i

For kroppsøvingssesksjonen vil det vere viktig å få ei oversikt over kva for emne respondentane vil kursast i. Av figur 8 ser vi kva for idrettsfaglege emne respondentane vil ha vidareutdanningskurs i.



N=181

Fig. 8 Idrettsfaglege fagområde som vert prioritert m.o.t. vidareutdanningskurs

Dei faktiske tala viser at behovet for vidareutdanningskurs er størst innanfor friluftsliv (35,9%), fysisk aktivitet og helse (14,9%) og aktivitetslære (13,8%).

Friluftsliv vert prioritert av absolutt flest respondentar (35,9%) m.o.t. vidareutdanning. Etter innføringa av L-97 vart friluftsliv eit av fire hovudemne i kroppsøvingsfaget i grunnskulen. L-97 er ein skal-plan, dvs. at kroppsøvingslærarar som berre har undervist i idrettsaktivitetar no også skal undervise i friluftsliv. Dette har ført til at mange føler at dei treng å skolere seg innanfor emnet. Eg kan også nemne at etter innføringa av L-97 hadde kroppsøvingssesksjonen eit storstilt etterutdanningsopplegg i regionen. Friluftsliv og dans var emne som nesten alle skular hadde behov for etterutdanningskurs i. At mange no vil ha kompetansegivande kurs innanfor emnet friluftsliv, er difor forventa. Kroppsøvingslærarane har truleg innsett at det dei lærer på eit par etterutdanningsdagar ikkje er nok med omsyn til å drive god undervisning i emnet.


Kroppsøvingssesksjonen har allereie i gang 10 vt./30 studiepoengs studietilbod innanfor friluftsliv. Dette er retta mot lærarar, og tilbodet har svært stor studenttilstrøyming. Men vi må nok lage kompetansegivande vidareutdanningsmodular også av mindre omfang om vi skal støtte behovet hjå grunnskule- og førskulelærarar innanfor dette emnet.

Vi såg at 13,8% hadde behov for vidareutdanningskurs innanfor aktivitetsslære, som er kurs innanfor dei ulike idrettane/aktivitetane. For kroppsøvingssesksjonen vil det vere interessant å få kunnskap om kva for aktivitetar dei treng kurs i. Dette har eg datamateriale på då respondentane vart spurde om å spesifisere type aktivitet. Frekvenstabellane viser her at spreinga på ulike aktivitetar er så stor at det er umogleg å slutte noko når det gjeld type aktivitet vi bør prioritere kurs i. Einaste eg kan slutte, er at respondentane har svært ulike behov når det gjeld type idrett/aktivitet dei vil ha kurs i.

4.5 Økonomiske vilkår ved etter- og vidareutdanning

For at idrettsfaglege arbeidstakarar skal kunne ta del i kurs, må arbeidsstaden stimulere til dette. Ein viktig faktor vil her vere økonomiske vilkår. Vi skal no sjå på kva respondentane meiner når det gjeld moglegheitene som arbeidsstaden gir med omsyn til etter- og vidareutdanning med løn, utan løn og med dekning av utgifter.

I figur 9 ser vi moglegheitene som arbeidsstaden gir med omsyn til deltaking i etter- og vidareutdanning med løn.




N=154

Fig. 9 Moglegheitene som arbeidsstaden gir m.o.t. deltaking i etter- og vidareutdanning med løn

Av figuren ser vi at fleirtalet meiner at moglegheitene som arbeidsgivar gir for deltaking i etter- og vidareutdanningskurs med løn er dårlege (høvesvis 53,2% meiner dette for etterutdanning og 77,9% for vidareutdanning). 10,4% meiner at moglegheitene for å få dekt utgiftene er svært gode for etterutdanning, og berre 5,5% meiner det same når det gjeld vidareutdanning.

Vi skal vidare sjå på moglegheitene som arbeidsstaden gir m.o.t. deltaking i etter- og vidareutdanning utan løn. Dette ser vi i figur 10.




N=145

Fig. 10 Moglegheitene som arbeidsstaden gir m.o.t. deltaking i etter- og vidareutdanning utan løn

Som forventa ser vi her at det er fleire (ca. 50%) som meiner at det er brukbare moglegheiter til å ta del i etter- og vidareutdanning utan løn. Men legg merke til at berre eit mindretal (høvesvis 32,4% for etterutdanning og 24,6% for vidareutdanning) som meiner at moglegheitene er svært gode sjølv utan løn. Dette fortel noko om andre faktorar enn lønsmessige som hindrar deltaking. Dette kjem eg attende til.

Som siste figur under punkt 4.2.6 ser vi her moglegheitene som arbeidsstaden gir m.o.t. deltaking i etter- og vidareutdanning med dekning av utgiftene. Dette kjem fram av figur 11.



N= 147

Fig. 11 Moglegheitene som arbeidsstaden gir m.o.t. deltaking i etter- og vidareutdanning med dekning av utgiftene

Av figuren ser vi at fleirtalet meiner at moglegheitene som arbeidsgivar gir for deltaking i etter- og vidareutdanningskurs med dekning av utgiftene er dårlege (høvesvis 53,1% meiner dette for etterutdanning og 72,7% for vidareutdanning). 10,9% meiner at moglegheitene for å få dekt utgiftene er svært gode for etterutdanning, og berre 2,1% meiner det same når det gjeld vidareutdanning.

Resultata vist i figur 9, 10 og 11 viser at berre eit mindretal meiner at moglegheitene som arbeidsgivar gir for deltaking i etter- og vidareutdanningskurs, er svært gode. Når det gjeld

moglegheitene som arbeidsgivar gir for deltaking i etter- og vidareutdanningskurs med løn (fig.9) og med dekning av utgiftene (fig. 11), så meiner eit fleirtal at moglegheitene er dårlege for etterutdanning, og eit stort fleirtal meiner svært dårlege for vidareutdanning.

Dette er truleg ei av årsakene til at arbeidsrapport nr. 108 (Sætre, 2001) viste lav deltaking (23,2%) i etter- og vidareutdanning innanfor det idrettsfaglege området.

Roll-Hansen (1999), som utførte intervju med 2681 lærarar, peikar i si undersøking på at 63% oppga at dei såg hinder som låg i vegen for deltaking. Grunngevinga som oftast vart gitt, var at ein ikkje hadde tid og at etter- og vidareutdanning ikkje vart betalt av arbeidsgivar. Mange oppga også som grunn at timeplanen ikkje var tilrettelagt for ta del i etter- og vidareutdanning.

Jordfald og Nergaard (1999) seier at stort arbeidspress på jobben er det forholdet som flest oppfattar som eit stort hinder for å delta i etter- og vidareutdanning. Mange peikar på at det er vanskeleg å få økonomisk støtte, og ca. halvparten meiner at det er vanskeleg å skaffe vikar. To av fem oppgir familieforpliktingar som hinder. Det er få (15%) som oppgir lav motivasjon som hinder for deltaking i etter- og vidareutdanning.

Både Roll-Hansen og Jordfald og Nergaard slår fast at stort arbeidspress/dårleg tid og vanskar med å få økonomisk støtte frå arbeidsgivar er dei viktigaste grunngevingane for å ikkje ta del i etter- og vidareutdanning. Denne undersøkinga underbyggjer også vanskar i forhold til økonomi og dekning av utgifter. Dette saman med at mange oppgir mangel på tilrettelegging av timeplan og vanskar med å skaffe vikar, peikar i retning av at rammene for deltaking gitt av arbeidsgivar ikkje er tilfredsstillande. Ut frå dette vert det ekstra viktig at vi (kroppsovingsseksjonen) organisatorisk skreddarsyr tilbod som respondentane vil ha, slik at vi i alle høve kan nå tak i dei ivrigaste på etter- og vidareutdanningsfronten. Alle som er knytt til skuleverket bør sjølv sagt arbeide for betre økonomiske rammene vedrørende EV, men å endre dei økonomiske rammene for EV i kommunane er eit meir langsiktig prosjekt i tider med stram kommuneøkonomi dei fleste stadar.

I punkt 4.2.4 i denne rapporten såg vi at heile 52,7% av respondentane kunne tenkje seg å nytte feriar og helgar til etter- og/eller vidareutdanning. Resultatet av denne delen av undersøkinga kjem nok med mykje av forklaringa på dette. Når ein har problem i høve økonomisk kompensasjon, timeplantekniske problem, problem med å skaffe vikar og ekstraarbeid om ein er borte på eit kurs på ein yrkedag, så er det forståeleg at den siste moglegheita, om ein skal halde seg oppdatert, er å nytte ferie og fritid til etter- og vidareutdanning.

V. OPPSUMMERING

Under er dei viktigaste funna i rapporten sett opp punktvis:

- Heile 63,5% (146) av respondentane kan tenkje seg etter- og vidareutdanning innanfor det idrettsfaglege området på lengre sikt.
- Eit overveldande stort fleirtal på 95,8% (137) av respondentane føler behov for etterutdanningskurs medan 51,9% føler behov for vidareutdanningskurs innanfor det idrettsfaglege kompetanseområdet på lengre sikt.
- Ved vidareutdanningskurs er dette respondentane sine viktigaste ynskje vedrørande studiepoengsramme/vekttsramme:
37,0% (47) ynskjer 27 – 30 stp. (studiepoeng)/ 9-10 vektts vidareutdanningskurs.
28,3% (36) ynskjer 3-6 stp./1-2 vektts vidareutdanningskurs.
- Når det gjeld ynskje om kursopplegg, viser dei faktiske tala at uventa mange av respondentane kan tenkje seg å nytte fritida si til etter- og vidareutdanning. Totalt er det 52,7% som kan tenkje seg å nytte feriar og/eller helgar til etter- og/eller vidareutdanning innanfor det idrettsfaglege kompetanseområdet.
23,7% av respondentane vil ha kursa lagt til dagtid/arbeidstid.
- 59,3% av respondentane ynskjer ei desentralisert EV-organisering medan 40,7% ynskjer ei sentralisert organisering ved HVO.
- Behovet for vidareutdanningskurs er størst innanfor friluftsliv, der 35,9% ynskjer kompetansegivande kurs i emnet.
- Heile 77,9% av respondentane meiner at moglegheitene som arbeidsgivar gir for deltaking i vidareutdanning med løn er dårlege. 53,2% meiner det same om etterutdanning. Heile 72,7% av respondentane meiner at det er dårlege moglegheiter for å få dekt utgiftene av arbeidsgivar til vidareutdanning, medan 53,1% meiner dette om etterutdanning. Studiar av andre undersøkingar viser at stort arbeidspress/dårleg tid i arbeidssituasjonen og vanskar med å få økonomisk støtte frå arbeidsgivar er dei viktigaste grunngevingane for å ikkje ta del i idrettsfagleg etter- og vidareutdanning. Ut frå denne og andre undersøkingar kan det sjå ut som arbeidsgivarsida må betre rammevilkåra (spesielt økonomi og tid) for deltaking i etter- og vidareutdanning.

REFERANSAR

Brimi, L. og Ottesen, Y. E. (1998). *Spor i snøen. En empirisk undersøkelse blant deltakere på sommerskiutdanningen på Stryn i perioden 1987 – 1996*. Sogn og Fjordane idrettskrins og Norges Skiforbund.

Jordfald, B., og Nergaard, K. (1999). *Etter- og videreutdanning blant lærere i grunnskolen og den videregående skole*. Fafo-notat 1999:6. Forskningsstiftelsen Fafo, Centraltrykkeriet A/S, Oslo.

Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet. (1997). NOU 1997: 25. *Ny kompetanse. Grunnlaget for en helhetlig etter- og videreutdanningspolitikk*. Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet, Oslo.

Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet. (1997). *Lov om universiteter og høyskoler*. Cappelen akademisk forlag, Oslo.

Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet. (1998). *Plan for etterutdanning i kroppsøving*. Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet, Oslo.

Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet. (1998). *St. meld. nr. 42 (1997-98) Kompetansereformen*. Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet, Oslo.

Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet. (2000). *Kompetanseutvikling i grunnskolen fra 2000*. Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet, Oslo.

Kjørmo, O., og Knudsen, O. (1989). *Idrettsutdanning og yrkesforhold. En kartlegging blant personell utdannet ved NIH i perioden 1968 – 1987*. Norges Idrettshøgskole, Oslo.

Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet. (1996). *Kompetanseutvikling knytt til innføring av den nye læreplanen for grunnskolen. Plan for perioden 01.01.96 – 31.12.99*. Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet, Oslo.

Markeds- og mediainstituttet. (1996). *Undersøkelse om etterutdanning*. Oslo

Roll-Hansen, D. (1999). *Kompetanse i grunnskolen*. Rapport 99/30. Statistisk Sentralbyrå, Oslo.


Sætre, F. (2000). *Kroppsøving – Utdanning, yrkesforhold og frivillig organisert idrett. Ei kartlegging av personell utdanna ved lærarutdanninga i Volda i perioden 1970 – 2000*. Arbeidsrapport nr. 99. Høgskulen i Volda.

Sætre, F. (2001). *Kroppsøving – Deltaking i og behov for etter- og vidareutdanning. Ei kartlegging av personell utdanna ved lærarutdanninga i Volda i perioden 1970 – 2000*. Arbeidsrapport nr. 108. Høgskulen i Volda.

OVERSIKT OVER FIGURAR OG TABELLAR


- Fig. 1 Svarprosent fordelt på kjønn.
- Fig. 2 Behov for etter- og vidareutdanning på lengre sikt.
- Fig. 3 Behov for etterutdanningskurs på lengre sikt.
- Fig. 4 Behov for vidareutdanningskurs på lengre sikt.
- Fig. 5 Studiepoeng-/vekttsramme som respondentane ynskjer ved vidareutdanning.
- Fig. 6 Kursopplegg ved idrettsfagleg etter- og/eller vidareutdanning.
- Fig. 7 Sentralisert v. HVO eller desentralisert etter- og vidareutdanning.
- Fig. 8 Idrettsfaglege fagområde som vert prioritert m.o.t. kompetansegivande kurs.
- Fig. 9 Moglegheitene som arbeidsstaden gir m.o.t. deltaking i etter- og vidareutdanningskurs med løn.
- Fig. 10 Moglegheitene som arbeidsstaden gir m.o.t. deltaking i etter- og vidareutdanningskurs utan løn.
- Fig. 11 Moglegheitene som arbeidsstaden gir m.o.t. deltaking i etter- og vidareutdanningskurs med dekning av utgiftene.

VEDLEGG 1.



HØGSKULEN I VOLDA

1970 KROPPSØVING 2000



Yrkesundersøking i samband med 30 års-jubileum ved kroppsøvingsseksjonen.

YRKESUNDERSØKING AV PERSONELL MED KROPPSØVING ÅRSEINING FRÅ HØGSKULEN I VOLDA/VOLDA LÆRARHØGSKULE

Kjære kollega og tidlegare student !

Kvar vart du av og kva har du gjort etter avslutta kroppsøvningsstudie i Volda ?

Kroppsøvningsseksjonen ved Høgskulen i Volda har i år 2000 30-års jubileum, og i samband med dette vil eg prøve å kartlegge yrkesaktivitet og behov for etter- og vidareutdanning m.m. hjå dei som har tatt kroppsøving årseining ved VLH/HVO.

Undersøkinga vert gjort for å få eit betre grunnlag for å ivareta idrettsfagleg utdanna personell sine yrkes- og utdanningsmessige interesser.

Eg vil hermed be deg om å fylle ut og returnere vedlagt spørjeskjema.

For å få eit mest mulig fullstendig bilde av yrkesaktiviteten er det viktig at alle svarer - også dei som ikkje er i arbeid, eller som ikkje arbeider i stilling der det vert stilt krav om idrettsfagleg kompetanse.

Spørjeskjemaet vert ikkje sett på som utprega «personsensitivt», og kvar enkelt av dykk som er trekt ut til å vere med i undersøkinga vil derfor verte registrert med nummer.

Denne framgangsmåten er valt for at eg skal vite kven som eventuelt ikkje har svart, slik at eg skal kunne purre desse.

Opplysningane vert handsama konfidensielt.

Eg gjer merksam på at det er ei frivillig sak å ta del i undersøkinga og du kan la vere å svare på enkelte spørsmål i spørjeskjemaet. Vonar likevel at du vil ta del i undersøkinga og returnere utfylt skjema i vedlagt svarkonvolutt.

Ver snill å returner skjemaet innan 10. desember 1999.

Frankert og adressert returkonvolutt er vedlagt.

På førehand takk for hjelpa !

Dei som svarar på spørjeskjemaet vil vederlagsfritt få tilsendt eit utdrag av rapporten.

NB! Dersom du ikkje ynskjer å ta del så returner skjemaet så fort som råd.

Høgskulen i Volda 26.11.1999



Frode Sætre, kroppsøvningslærer

8) Idrettsfagleg utdanning etter kroppsøving årseining som er bestått. (Utdanning frå NIH, eller andre universitet og høgskular med idrettsfagleg utdanning.)

Tilleggs kurs/påbygningsstudiet (1 år)	___	Avslutta år:.....
Mellomfag i idrett	___	Avslutta år:.....
Kroppsøvingstudiet	___	Avslutta år:.....
Trenerstudiet	___	Avslutta år:.....
Friluftsliv	___	Avslutta år:.....
Gymnastikk, dans og mosjon	___	Avslutta år:.....
Helse og idrettsbiologi	___	Avslutta år:.....
Idrett for funksjonshemmede	___	Avslutta år:.....
Kultur og idrettsforvaltning	___	Avslutta år:.....
Hovedfag i idrett	___	Avslutta år:.....

Anna idrettsfagleg utdanning;
spesifiser:.....

..... Avslutta år:.....

9) Har du i tillegg til idrettsutdanning annan akademisk eller yrkesmessig/vidare-utdanning (Ikkje kurs - kun utdanning knytt til gradseksamen som t.d. grunnfag, mellomfag, DH-utdanning)?

Ja ___ Nei ___

10) Dersom ja: Kva for fag og antal år med ikkje idrettsfaglig utdanning?

Fag:..... Antal år:.... Studienivå (gr.fag, mellomfag, el.1)....
Fag:..... Antal år:.... Studienivå (gr.fag, mellomfag, el.1)....
Fag:..... Antal år:.... Studienivå (gr.fag, mellomfag, el.1)....
Fag:..... Antal år:.... Studienivå (gr.fag, mellomfag, el.1)....

11) Kva for lærarkompetanse har du? (Kun eit kryss.)

1) Lærer med 1 års idrettsutdanning	___
2) Lærer med mellomfag i idrett	___
3) Faglærer i idrett	___
4) Adjunkt	___
5) Lektor	___
6) Ikkje lærarkompetanse	___
7) Anna	___

Spesifiser:.....

Yrkeserfaring

12) Kva for yrkeserfaring har du? Skriv antal år bak dei alternativa som høver.

- Arbeidsområde:
- | | |
|-------------------------------------------------------|--------|
| 1) Skuleverket (gr.skule, vid.g.skule, folkehøgskule) | ___ år |
| 2) Forsvaret | ___ år |
| 3) Regionale høgskular | ___ år |
| 4) Universitet og vitenskapelige høgskular | ___ år |
| 5) Administrativ stilling i stat/fylke eller kommune | ___ år |
| 6) Helsesektoren | ___ år |
| 7) Frivillige idrettsorganisasjonar | ___ år |
| 8) Andre frivillige organisasjonar | ___ år |
| 9) Profesjonell idrettsutøvar | ___ år |
| 10) Private næringsliv | ___ år |
| 11) Andre næringar | ___ år |

13) Kva for stilling/tittel har du i dag?.....

14) Beskriv kort arbeidsområdet (stikkord)?
.....
.....
.....

15a) Er stillinga: Heiltid ___ Deltid ___

b) Er stillinga: Fast ___ Åremål ___ Vikariat ___ Engasjement ___

16) Kva for stilling (hovedarbeidsområde) vart du fyrst tilsett i etter avslutta utdanning? Bruk inndelinga i spm.12.
Arbeidsområde nr.....

For dei som i dag ikkje arbeider i skuleverket:

17) Kva for stillingar har du hatt i din yrkeskarriere til no?
Spesifiser:.....
.....
.....

For dei som arbeider i skuleverket:

18) I kva for del av skuleverket arbeider du?

- | | |
|---------------------------------------|-----|
| 1) Barnehage | ___ |
| 2) Barnetrinnet | ___ |
| 3) Ungdomstrinnet | ___ |
| 4) Vidaregåande skule | ___ |
| 5) Folkehøgskule | ___ |
| 6) Universitet-Vitenskapelig høgskule | ___ |
| 7) Regionale høgskular | ___ |
- Andre-spesifiser.....

19) Er du i administrativ stilling i skuleverket? Ja ___ Nei ___
Dersom ja: I kommunen ___ I fylket ___ I staten ___ Andre ___

20) Kva for stillingsbetegnelse har du?

a) Fagstilling:

- 1) Lærer _____
- 2) Faglærer _____
- 3) Adjunkt _____
- 4) Adjunkt m. opprykk _____
- 5) Lektor _____
- 6) Lektor m. opprykk _____
- 8) Høgskulelektor _____
- 9) Førstelektor _____
- 10) Amanuensis _____
- 11) 1. Amanuensis _____
- 12) Dosent _____
- 13) Professor _____
- Andre:

b) Administrativ stilling:

- 1) Rektor _____
- 2) Undervisningsinspektør _____
- 3) Rådgivar _____
- 4) Skulesjef _____
- Andre:

For dei som er i undervisningsstilling:

21) Antal undervisningstimar kroppsøving/idrettsfag pr.veke i noverandes tilling:.....
Totalt antal undervisningstimar pr.veke i noverande stilling:.....

22) Antal undervisningstimar kroppsøving/idrettsfag pr.veke i di fyrste undervisningsstilling etter årseining kroppsøving:.....
Totalt antal undervisningstimar pr.veke i di fyrste undervisningsstilling etter årseining kroppsøving:.....

23) Dersom du ikkje er i inntektsgivande arbeid no: Kva er grunnen?

- 1) Omsorgsoppgåver _____
- 2) Sjukdom _____
- 3) Stillingsmarkedet _____
- 4) Studier _____
- 5) Pensjonist _____
- 6) Andre grunnar _____ Spesifiser.....

Erfaring som trenar.

24) Har du fungert som trenar etter at du tok kroppsøving årseining? Ja Nei

25) Dersom ja: I kva for idrett?.....

26) Dersom ja: På kva slags nivå?

Barn og/eller ungdom. (aldersbestemte klasser) Antal år?...

Vaksne:

Forbundsplan (landslagsnivå) Antal år?.....

Klubbnivå-elite/høgt ferdigheitsnivå. Antal år?.....

Klubbnivå-middels ferdigheitsnivå. Antal år?.....

Klubbnivå-lavt ferdigheitsnivå. Antal år?.....

Tillitsverv

27) Har du hatt tillitsverv i den organiserte idretten etter at du tok kroppsøving årseining?

Ja, på forbundsnivå. Antal år?.....

Ja, på kretsnivå. Antal år?.....

Ja, på lagsnivå. Antal år?.....

Nei

28) Har du i yrkessamanheng hatt tillitsverv i fagforening ?

Ja; på klubbnivå

Ja, på kommunenivå

Ja, på fylkesnivå

Ja, på nasjonalt nivå

Nei

29) Har du hatt tillitsverv i andre frivillige organisasjonar ?

Ja, på lokalnivå

Ja, på kommunenivå

Ja, på fylkesnivå

Ja, på nasjonalt nivå

Nei

30) Er du - eller har du vore - medlem (også vararepresentant) av:

Kommunestyre Fylkestinget Stortinget

Etter- og vidareutdanningskurs

31a) Har du delteke på vidare- og/eller etterutdanningskurs, e.l dei siste 2 år innanfor det idrettsfaglige området?

Ja Nei

31b) Dersom ja: Antal dagar.....

31c) Kva for område/emne har du tatt vidare-og/eller etterutdanning i innanfor det idrettsfaglege kompetanse-området?

.....
.....
.....

32) Med tanke på den nære framtid, korleis vurderar du ditt behov for a) etter(ikkje kompetansegivande)- og b) vidare utdanning (kompetansegivande) innanfor det idrettsfaglige området?

Svært stort. Stort. Både og. Lite. Svært lite.

a) Etterutdanning
b) Vidarutdanning

33a) Slik du vurderar det - meiner du at du vil ha behov for etter-/vidareutdanning innanfor det idrettsfaglege området på lengre sikt? Ja Nei

33b) Dersom ja: Spesifiser dine behov med omsyn til:

1) Kortare kurs (oppdatering av idrettsfagl.kunnskap) Ja Nei
2) Lengre kompetansegivande kurs/studier. Ja Nei

33c) Kva for vektalsramme ville du foretrekke for kompetansegivande studier/kurs i regi av kroppsøvingssesksjonen ved Høgskulen i Volda? (1 vektal utgjer ca.20 undervisnings-timar. 10 vektal tilsvarar 1 semester(1/2 år))

1-2vt

3-4vt

5-6vt

7-8vt

9-10vt

33d) For dei som ynskjer å ta del i idrettsfaglig etter- og/eller vidareutdanningskurs:

Kva for kursopplegg ville du foretrekke?

Kveldskurs 1-2 gongar pr.veke.
Konsentrert undervisningsopplegg knytt til ferie
Intensive undervisningsopplegg på dagtid i kortare periodar
Helgekurs
Andre opplegg

33e) Slike etter-og vidareutdanningskurs kan leggest opp sentralt, t.d. ved Høgskkulen i Volda, eller desentralisert. Kva er best for deg? Sentralt(ved HVO) Desentralisert

34) Korleis vurderar du moglegheitene som arbeidsstaden din gir deg for å ta del i a) etter (ikkje kompetansegivande) - og b) vidareutdannings (kompetansegivande) kurs e.l. på det idrettsfaglige området?

1) Med løn:

	Svært gode moglegheiter	Brukbare moglegheiter	Dårlige moglegheiter
a) etterutdanningskurs:	—	—	—
b) vidareutdanningskurs:	—	—	—

2) Uten løn:

	Svært gode moglegheiter	Brukbare moglegheiter	Dårlige moglegheiter
a) etterutdanningskurs:	—	—	—
b) vidareutdanningskurs:	—	—	—

3) Med dekning av utgiftene:

	Svært gode moglegheiter	Brukbare moglegheiter	Dårlige moglegheiter
a) etterutdanningskurs:	—	—	—
b) vidareutdanningskurs:	—	—	—

35) Dersom du fekk anledning - kva for kompetansegivande kurs ville du foretrekke ved kroppsøvingsseksjonen, HVO?
Nevn inntil 5, og nummerer i den rekkefølge du prioriterer.

a) Aktivitetslære - knytt til utvalde idrettar. —
Spesifiser:.....
b) Friluftsliv. —
c) Fysisk aktivitet og helse. —
d) Idrettsanlegg. —
e) Idrettsetikk/filosofi. —
f) Idrettsfysiologi - anatomi. —
g) Idrettspedagogikk/didaktikk. —
h) Idrettspsykologi. —
i) Idrettsmedisin. —
j) Kultur og idrettsforvaltning. —
k) Treningslære/bevegelseslære. —
l) Tilpassa opplæring. —
m) Sansemotorikk. —
n) Andre —
Spesifiser:.....

36a) Høgskulen i Volda startar opp med påbyggingsstudie i friluftsliv (20 vektta mellomfag over eit år - heiltid) frå hausten år 2000. Vil du byrje om du får plass ?

Ja ___ Nei ___

For dei som svarer nei:

b) Nemn **den viktigaste** grunnen til at du svarte **nei**:-----

Takk for hjelpa !